



Odda vidaregåande skule

5750 ODDA

Dato: 28.08.2014

Vår ref.: 2014/12603-44

Saksbehandlar: borlil

Dykkar ref.:

Søknad om midlar til oppstart av kveldskurs i reinhaldsoperatørfaget skuleåret 2014/2015

Vi viser til søknad av 09. mai 2014.

Opplæringsavdelinga har handsama søknaden og godkjenner at skulen kan starta opp med kurs, men ber skulen prøva å styrka antal vaksne m/rett.

Skulen må gjennomføra opplæringa som vaksenopplæring etter opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Desse peikar m.a. på retten til opplæring tilpassa vaksne med rett til vitnemål eller kompetansebevis i høve til fullført opplæring.

Skulen har ansvar for inntak av kandidatane og for å gi desse god og tidsrett informasjon om skuleplass og opplæringstilbod. Dersom det vert ledige plassar i opplæringa kan skulen ta inn vaksne utan vaksenrett, jf. elles f § 6-49 i opplæringslova.

Kandidatane skal vera registrerte i VigoVoksen. Likeeins skal CV registrerast og kandidatane skal vurderast på faga.

Samla kostnad for opplæringa: Kr. 302.240,- som fordeler seg slik:

1 klasse Reinhaldsoperatørfaget. Timetal: 304 á 45 min. Timepris: 967,11. Kveldstillegg: Kr. 27,10/time. Timeprisane er inkl. sos. kostnader.

Deltakarliste bes sendt inn når denne er klar.

Skulen varslar eventuelle avvik i føresetnader og gjennomføring av tiltaket i tildelinga.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Borgny Lilleøren
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.